



Statsforvaltaren i Møre og Romsdal

# Regionalt miljøtilskot for jordbruket i Møre og Romsdal 2023

## RETTLEIAR 2-2023



## Innhald

|                           |   |
|---------------------------|---|
| Om regionalt miljøprogram | 3 |
| Søknadsinformasjon        | 4 |

### Regionalt miljøtilskot i Møre og Romsdal med foreløpige satsar

| <b>MILJØTEMA 1 – KULTURLANDSKAP</b>             |  |  |    |
|---|--|--|----|
| § 4   | Skjøtsel av bratt areal                                    | Helling 1:5 - kr 300 per daa<br>Helling 1:3 - Kr 400 per daa     | 6  |
| § 5   | Drift av beitelag  | Storfe og hest - kr 25 per dyr<br>Småfe - Kr 20 per dyr          | 6  |
| § 6   | Slått av lokalt verdifulle jordbrukslandskap               | kr 125 per daa   | 7  |
| <b>MILJØTEMA 2 – BIOLOGISK MANGFALD</b>         |  |  |    |
| § 7   | Slått av slåttemark  | kr 1 000 per daa   | 8  |
| § 8   | Skjøtsel av kystlynghei                                    | 150 per sau<br>maks. kr 50 000 per søknad                        | 9  |
| § 9   | Tilrettelegging av fuglebiotopar                           | kr 4 000 per daa<br>maks. kr 20 000 per føretak                  | 9  |
| <b>MILJØTEMA 3 – KULTURMINNE OG KULTURMILJØ</b> |  |  |    |
| § 10  | Drift av seter med mjølkeproduksjon og levering til meieri | ≥ 4 veker, kr 50 000 per seter<br>≥ 6 veker, kr 70 000 per seter | 10 |
|   | Drift av seter med mjølkeproduksjon og eiga foredling      | ≥ 4 veker, kr 70 000 per seter<br>≥ 6 veker, kr 90 000 per seter | 10 |
| § 11  | Skjøtsel av gravminne                                      | kr 1 000 per gravminne<br>maks. kr 20 000 per føretak            | 11 |
| <b>MILJØTEMA 4 – AVRENNING TIL VATN</b>         |  |  |    |
| § 12  | Ingen jordarbeiding om hausten                             | kr 350 per daa   | 12 |
| § 13  | Grasdekt kantsone i åker                                   | kr 100 per meter   | 12 |
| § 14  | Vedlikehald av fangdammar                                  | kr 5 000 per dam   | 13 |
| <b>MILJØTEMA 5 – UTSLEPP TIL LUFT</b>           |  |  |    |
| § 15  | Spreiing i vår-/vekstsosong                                | kr 65 per daa  | 14 |
| § 16  | Nedlegging av husdyrgjødsel                                | kr 80 per daa  | 14 |
| § 17  | Nedfelling av husdyrgjødsel                                | kr 80 per daa  | 15 |
| § 18  | Bruk av tilførselsslangar                                  | kr 80 per daa  | 15 |
| <b>MILJØTEMA 6 – KLIMARÅDGJEVING</b>            |  |  |    |
| § 19  | To-til-ein-rådgjeving, sats per føretak                    | kr 8 000   | 16 |
|   | Ein-til-ein-rådgjeving, sats per føretak                   | kr 6 000   |    |
|   | Grupperådgjevning, sats per føretak                        | kr 2 000   |    |

## Om regionalt miljøprogram

Formålet med programmet er å gi ein regionalt tilpassa og målretta innsats for at jordbruksdrifta skal vere meir miljøretta i Møre og Romsdal. Den er fastsett av Statsforvaltaren i samråd med Bondelaget og Bonde- og småbrukarlaget.

Programmet skal stimulere til følgande mål:

- oppretthalde og utvikle eit ope og variert kulturlandskap
- særskilte verdiar i kulturlandskapet skal takast vare på og skjøttast
- god agronomi skal fremjast
- ureining og tap av næringsstoff frå jordbruket skal reduserast

Det er oppretta eit nytt miljøprogram for perioden 2023-2026.

## Regionale miljøtilskot

Tilskotet skal stimulere til miljøvennlege driftsformer og produksjon av miljøgode for samfunnet.

Dei regionale miljøtilskota er hovudvirkemidla i miljøprogrammet for å nå måla. Det er ei årleg driftsstøtte til føretak med landbruksproduksjon som oppfyller visse vilkår.

Alle tiltak det kan gjevast tilskot til er henta frå ein nasjonal meny fastsett av Landbruksdirektoratet. Dei regionale miljøtilskota i vår region blir regulert av «Forskrift om regionale miljøtilskot i jordbruket, Møre og Romsdal»

## Oversikt over endringar

§18 Tilskot til nedlegging av husdyrgjødsel

§19 Tilskot til nedfelling av husdyrgjødsel

## Korleis søke

### Før du søker

- Husk å sjekke at tilgang til Altinn fungerer i god tid før fristen.
- Det viktig at du sett deg inn i vilkåra for ordninga.
- Informasjon om ordninga og vilkåra finn du på [Statsforvaltaren si heimeside](#) og i [forskrifta](#).
- Dersom du har spørsmål eller ynskjer rettleiing i samband med søknaden, kan du kontakte kommunen i god tid før søknadsfristen.

### Søk elektronisk

- Søknadskjema er tilgjengeleg frå 15. september.
- Husk å bruk organisasjonsnummer for hovedenheten.

[Video om korleis søke regionale miljøtilskot elektronisk](#)

[Elektronisk søknadsskjema for regionale miljøtilskot \(RMP\)](#)

[Elektronisk søknadsskjema for drift av beitelag \(OBB\)](#)

- Det vil vere mogleg å importere kartopplysningar frå søknaden i fjor.
- Pass på å trykke på knappen «Send» når søknaden er ferdig utfylt. Sjekk at du får kvittering i Altinn for at søknaden er sendt.

Søkarar som av ulike grunnar ikkje kan levere søknaden elektronisk, kan levere papirsøknad til kommunen, men beitelaga (OBB) må søke elektronisk. [Søknadsskjema på papir](#)



**RMP**  
Søknadsfrist  
15. oktober



**OBB**  
Søknadsfrist  
15. november

**Søk i god tid, det er alltid noko som kan skjere seg siste dagen.**

## Verdt å vite

Dersom du leverer søknaden etter fristen, vert tilskotet redusert med kr 1 000 per dag etter fristen. Søknader som er levert seinare enn 14 dagar etter fristen vil bli avvist.

### Kven kan søke?

Alle som har rett til produksjonstilskot kan også søke om regionalt miljøtilskot.

Det er den som disponerer areala i søknadsåret som har rett på tilskotet. Tilskotet vert utbetalt til det føretaket eller beitelaget som har søkt.

### Gjere endringar i søknaden

Dersom du må gjere endringar i søknaden din etter søknadsfristen, må du ta kontakt med kommunen. Det er kommunen som kan legge til endringar i søknaden på vegne av søkaren.

Slik endring medfører eit trekk på kr 1 000,- per dag frå søknadsfristen og til du melder endring. Dersom du har gløymt å søke om eit tiltak, må du derfor vurdere om det lønner seg å endre søknaden. Retting av openberre feilføringar medfører ikkje trekk.

### Når får eg svar på søknaden og utbetalt tilskotet?

Svar på søknaden får du i form av ei vedtaksbrev som viser kva du har fått tilskot til. Brevet kjem litt før eller samtidleg med utbetalinga frå Landbruksdirektoratet i mars 2024.

### Pass på at opplysningane i søknaden er rett!

Kommunen, Statsforvaltaren eller Landbruksdirektoratet kan kontrollere opplysningane du har gitt i RMP-søknaden. Ver førebudd på at du kan bli kontakta og bedt om å dokumentere opplysningar i søknaden nærare. Kommunen er pålagt å kontrollere minst 5 prosent av søknadane ved kvar søknadsomgang.

Feil opplysningar i søknaden, brot på vilkår eller regionale miljøkrav kan føre til avkorting av tilskotet.

## MILJØTEMA 1 – KULTURLANDSKAP

Ei av hovedutfordringane i regionen er å hindre gjengroing av jordbruksareal og bevare og gjenskape viktige element i kulturlandskapet som er i ferd med å forsvinne på grunn av manglande beiting, opphør av slått og nedlagde setrar. Hovedmålet er å motvirke og om mulig snu denne utviklinga, slik at beitearealet aukar og jordbruksareala vert oppretthelde.

| <b>SKJØTSEL AV BRATT AREAL</b>   | <b>§4</b>   |
|--|---|
| <p><b>Formålet er å stimulere til drift av bratt jordbruksareal, halde arealane i hevd og ivareta eit ope kulturlandskap.</b></p> <ul style="list-style-type: none"><li>• Føretak som driv minimum 5 dekar fulldyrka eller overflatedyrka jord med ei helling på 1:5 eller brattare.</li><li>• Det må takast minst ei avling på areala. Dette kan skje ved hausting eller slått. Ved bruk av beiting må det kombinerast med beitepussing.</li></ul> <p>Når ein skal søke er det viktig at areala blir fordelt rett i kategoriane 1:3 og 1:5.</p> | <p><b>Foreløpig sats</b></p> <p>Helling 1:5<br/>kr 300 per daa</p> <p>Helling 1:3<br/>og brattere<br/>kr 400 kr daa</p> |

| <b>DRIFT AV BEITELAG</b>  | <b>§ 5</b>  |
|---|---|
| <p><b>Formålet er å stimulere til samarbeid om beiting med sikte på god utnytting av beiteressursar i utmark, og effektivt tilsyn med minst mulig tap av dyr.</b></p> <p>Beitelag som utnyttar utmarksbeite gjennom organisering av tilsyn, organisert sanking og andre målretta fellestiltak i beiteområda, kan søke om tilskot til sankar dyr.</p> <ul style="list-style-type: none"><li>• Laga må vere registrert i Einingsregisteret. Kommunen godkjenner nye lag.</li><li>• Tilskotet blir utmålt pr. dyr sleppt på utmarksbeite.</li><li>• Felles beitebruk i minimum 5 veker i sommarhalvåret.</li><li>• Krav om årsrapport frå laga.</li><li>• Beitelag må søke innan 15. november.</li></ul> | <p><b>Foreløpig sats</b></p> <p>Storfe og hest<br/>kr 25 per dyr</p> <p>Småfe<br/>kr 20 per dyr</p> |

|   |   |
|---|---|
| <b>SLÅTT AV LOKALT VERDIFULLE JORDBRUKSLANDSKAP</b>   | <b>§ 6</b>                                      |
| <p><b>Formålet er å stimulere til vidare drift i område med særskilt verdifullt kulturlandskap.</b></p> <p>I Møre og Romsdal er det 12 område som har status som slike landskap. Det er ikkje gjort endringar samanlikna med tidlegare år i kva for område som kjem inn under ordninga, jf. <a href="#">lenke til kart</a>.</p> <ul style="list-style-type: none"><li>• Skjøtselen må skje ved slått minimum 1 gong i løpet av vekstsesongen.</li><li>• Berre beiting er ikkje tilstrekkeleg.</li></ul> | <p><b>Foreløpig sats</b><br/>kr 125 per daa</p> |



Foto: Statsforvalteren

## MILJØTEMA 2 – BIOLOGISK MANGFOLD

Formålet med tiltaka er å ivareta utvalde og trua naturtypar og biologisk verdifulle areal i jordbruket. Tilskotet kan også virke positivt på landskapsoppleving og synleggjing av kulturminne og restar av tradisjonelle driftsformer.

| <b>SLÅTT AV SLÅTTEMARK</b>  | <b>§ 7</b>  |
|---|---|
| <p><b>Formålet er å stimulere til skjøtsel av verdifulle, artsrike slåttemarkar, for å oppretthalde biologisk mangfald og andre kvalitetar.</b></p> <ul style="list-style-type: none"><li>• Det er m.a. stilt krav til registrering som utvald naturtype slåttemark med verdi A eller B i Naturbase.</li><li>• Arbeidet må gjerast i tråd med skjøttselråd gitt av Statsforvaltaren si miljøvernavdeling.</li></ul> | <p><b>Foreløpig sats</b><br/>kr 1 000 per daa</p> |

### SKJØTSELSRÅD - SLÅTTEMARK

1. Arealet må skjøttast som slåttemark
2. Arealet må slåast seint, vanlegvis etter 10. juli.
3. Høyet må bakke- eller hesjetørkast.
4. Høyet må fjernast etter tørk.
5. Arealet må slåast med lette reiskap som ljà eller tohjuls slåmaskin.
6. Arealet må ikkje bearbeidast i form av pløying, såing, gjødsling eller sprøyting.  
Arealet kan i tillegg bli haustbeita med lågt beitetrykk
7. Framande artar bør fjernast

| <b>SKJØTSEL AV KYSTLYNGHEI</b>   | <b>§ 8</b>  |
|--|---|
| <p><b>Formålet er å stimulere til tradisjonell skjøtsel av kystlynghei gjennom beiting.</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Området må vere registrert som kystlynghei med verdi A eller B i Naturbase.</li> <li>• Det må vere minimum 10 daa kystlynghei pr. sau over 1 år.</li> <li>• Skjøtselen må vere i tråd med skjøtselsråd gitt av Statsforaltaren si miljøvernavdeling.</li> </ul> | <p><b>Foreløpig sats</b><br/>Sau over 1 år<br/>kr 150 per dyr</p> <p>Maks tilskot<br/>kr 50 000</p> |

### SKJØTSELSRÅD - KYSTLYNGHEI

1. Beitetrykket må vere slik at arealet sin eigenart blir oppretthalde. For hardt beitetrykk fører til at grasartane tek over. For svakt beitetrykk fører til at røsslyngen blir grov og vedaktig. Der røsslyngen har blitt for gammal, kan det eventuelt brennast.
2. Området skal ikkje jordarbeidast, planerast eller tilførast gjødsel, såfrø eller plantevernmidlar.
3. Det skal takast omsyn til eventuelle hekkeplassar for fugl, særleg under brenning.
4. På lokalitetar med registreringar av raudlista fugleartar kan det bli stilt krav om skjøtselsplan eller brenneplan.
5. Dyrehald skal vere i tråd med dyrevernova.
6. Automatisk freda kulturminne og nyare tids kulturminne på omsøkte areal skal haldast ved like.

| <b>TILRETTELEGGING AV FUGLEBIOTOPAR</b>   | <b>§ 9</b>  |
|---|---|
| <p><b>Formålet er å bidra til bevaring av trua fugleartar. Fugleartar som hekkar i slåttemark står i fare for å bli utrydda. Tidleg slått kan øydelegge reir, fuglar og ungar. Åkerrikse, vipe, storspove og grashoppesangar er artar som er registrert som trua i Møre og Romsdal.</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Tiltaket er å utsette slåttan rundt hekkeplassen.</li> <li>• Tiltaket må være godkjent av Statsforvaltaren si miljøvernavdeling.</li> <li>• Avtale må leggest med i søknaden.</li> </ul> | <p><b>Foreløpig sats</b><br/>kr 4 000 per daa</p> <p>maks tilskot<br/>kr 20 000</p> |

## MILJØTEMA 3 – KULTURMINNE OG KULTURMILJØ

Formålet med tiltaka er å halde synlige spor i landskapet etter tidlegare jordbruksdrift og busetting opne.

| <b>DRIFT AV SETER MED MJØLKEPRODUKSJON</b>   | <b>§ 10</b>  |
|--|--|
| <p><b>Formålet er å oppretthalde og stimulere til auka bruk av setrane.</b></p> <p><u>Mjølkeproduksjon</u><br/>Tilskot kan gjevast til føretak som har heile eller delar av mjølkeproduksjonen på seter i minst 4 veker eller minst 6 veker i sommarhalvåret. Det må produserast minimum 45 liter kumjølkk eller 25 liter geitemjølkk pr. døgn.</p> <p><u>Foredling</u><br/>Dette er eit tilskot til dei som driv seterdrift og foredlar mjølka ved t.d. ysting eller kinning. Øvrige vilkår er seterdrift i minst 4 veker eller minst 6 veker. Det må produserast minimum 45 liter kumjølkk eller 25 liter geitemjølkk pr. døgn og mjølka skal foredlast på setra. Produksjonen må vere godkjent av Mattilsynet.</p> <p><u>Felleseter</u><br/>Når fleire samarbeider om seterdrifta, skal tilskotet delast på deltakarane i fellesetra. Alle må føre opp same tal deltakarar i søknaden. Tilskotet blir fordelt på kvar deltakar. Samdrift vert rekna som eit føretak.</p> <p>Det kan søkjast på ein av de 4 ulike tiltaka:</p> <ul style="list-style-type: none"><li>Minst 4 veker drift av enkelt- eller felleseter med mjølkeproduksjon</li><li>Minst 6 veker drift av enkelt- eller felleseter med mjølkeproduksjon</li><li>Minst 4 veker drift av enkelt- eller felleseter med foredling</li><li>Minst 6 veker drift av enkelt- eller felleseter med foredling</li></ul> | <p><b>Foreløpige satsar</b></p> <p><b>Levering til meieri</b><br/>4-6 veker<br/>kr 50 000 per seter<br/>minst 6 veker<br/>kr 70 000 per seter</p> <p><b>Foredling på setra</b><br/>4-6 veker<br/>kr 70 000 per seter<br/>minst 6 veker<br/>kr 90 000 per seter</p> |

| <b>SKJØTSEL AV GRAVMINNE</b>   | <b>§ 11</b>  |
|--|--|
| <p><b>Formålet er å synleggjere automatisk freda gravminne som viktig ressurs for identitet, kunnskap og oppleving.</b></p> <ul style="list-style-type: none"><li>• Gravminna må vere registrert i «Askeladden», Økonomisk kartverk eller fylkeskommunen sitt arkeologiske arkiv.</li><li>• Gravminna må vere synlege på overflata og ligge på eller inntil jordbruksareal.</li><li>• Gravminna må skjøttast ved slått eller beiting, og kan ikkje vere sterkt skada eller øydelagde.</li><li>• Det kan gjevast tilskot til inntil 20 gravminne per føretak.</li></ul> | <p><b>Foreløpig sats</b><br/>kr 1000 per gravminne</p> |

## MILJØTEMA 4 – AVRENNING TIL VATN

Formålet med tilskotet er å begrense erosjon og avrenning av jord, næringsstoff og plantevernmidlar frå jordbruksareal. Det er eit mål å bevare jorda på jordet og bidra til god tilstand i vassdraga.

| <b>INGEN JORDARBEIDING OM HAUSTEN</b>   | <b>§ 12</b>                                     |
|---|---|
| <p><b>Denne ordninga gjeld berre for areal der det blir dyrka korn, olje- og belgvekstar, frøeng siste haustingsår, grøngjødsling og grønfôrvekstar, dersom arealet ikkje blir jordarbeidd om hausten.</b></p> <p>Tilskotet gjeld erosjonsutsette areal i nedslagsfelta til elvane Surna, Driva og Rauma.</p> <ul style="list-style-type: none"><li>• Arealet skal ikkje jordarbeidast før 1. mars etter søknadsåret.</li><li>• Halmen på dessa areala skal ikkje brennast.</li></ul> | <p><b>Foreløpig sats</b><br/>kr 350 per daa</p> |

| <b>GRASDEKT KANTSONE I ÅKER</b>  | <b>§ 13</b>                                       |
|--|---|
| <p><b>Formålet med tilskotet er å stimulere til at det blir etablert kantsoner mellom åkerareal og vassdrag som er grasdekt, for å redusere erosjon og avrenning frå åkerarealet.</b></p> <p>Tilskotet gjeld areal der det blir dyrka korn, potet eller grønsaker i same område som for 'ingen jordarbeiding om hausten' og Smøla.</p> <ul style="list-style-type: none"><li>• Arealet må ha helling mot gjeldande vassdrag.</li><li>• Vilkår for ordninga er at sona har ei breidde på minimum 8 meter rekna frå vassdraget ved normalstand.</li><li>• Minst 6 meter må ligge på fulldyrka areal. Veksten må vere godt etablert om hausten i søknadsåret.</li><li>• Areala skal ikkje gjødslast eller sprøytast</li><li>• Jordarbeiding og såing skal skje mellom 1. mars og 1. juli.</li><li>• Areala må haustast, beitast eller beitepussast i søknadsåret.</li></ul> | <p><b>Foreløpig sats</b><br/>kr 100 per meter</p> |

| <b>VEDLIKEHALD AV FANGDAMMAR</b>   | <b>§ 14</b>                                       |
|--|---|
| <p><b>Formålet med tilskotet er å stimulere til vedlikehald av fangdammar og skjøtsel av vegetasjonen rundt, slik at fangdammen fungerer effektivt. Effekten av ein fangdam går ned etter kvart som sedimentasjonskammeret blir fylt opp.</b></p> <ul style="list-style-type: none"><li>• Vilkår for ordninga er at dammen blir tømt ved behov, slik at renseseffekten er tilfredsstillande.</li><li>• Arealet inkluderer vannspeilet, samt kantvegetasjon og vegetasjonsfilter</li><li>• Tilskotet kan løyvast årleg.</li></ul> | <p><b>Foreløpig sats</b><br/>kr 5 000 per dam</p> |

## MILJØTEMA 5 – UTSLEPP TIL LUFT

Formålet er å stimulere til gjødslingsmetoder som gir redusert utslipp av ammoniakk og lystgass, i tillegg til å redusert avrenning av næringsstoff til vatn og vassdrag.

| <b>SPREIING VÅREN ELLER I VEKSTSESONGEN</b>   | <b>§ 15</b>                                    |
|---|--|
| <p><b>Formålet er å redusere utslepp av næringsstoff til luft og redusere avrenning til vatn og vassdrag.</b></p> <ul style="list-style-type: none"><li>• Tilskot kan gjevast til føretak som spreier <u>all</u> husdyrgjødsel og biorest på disponert areal seinast 10. august.</li><li>• Vilkår er spreiring av minimum 5 kg total-N pr. daa og at avlinga blir hausta etterpå.</li><li>• Noteringar må vise skifte, spreiedatoar og gjødselmengder.</li><li>• Dette tiltaket kan ikkje kombinerast med å søke om tilskot til bruk av nedleggings- eller nedfellingsutstyr.</li></ul> | <p><b>Foreløpig sats</b><br/>kr 65 per daa</p> |

| <b>BRUK AV NEDLEGGINGSSUTSTYR</b>  | <b>§ 16</b>                                    |
|--|--|
| <p><b>Det kan gjevast tilskot for spreiring av husdyrgjødsel eller biorest ved nedlegging. Dette for å stimulere til at husdyrgjødsel (blautgjødsel) og biorest blir lagt rett ned på jorda i staden for tradisjonell breispreiring.</b></p> <ul style="list-style-type: none"><li>• Arealet skal haustast eller beites etter siste spreiring i søknadsåret.</li><li>• Det må vere brukt nedleggingsutstyr på all husdyrgjødsel som er spreidd på det arealet som blir omsøkt.</li><li>• Ved nedlegging i open åker må nedmolding skje innan 18 timar.</li><li>• Vilkår er spreiring av minimum 5 kg total-N pr. daa.</li><li>• Dette tiltaket kan ikkje kombinerast med å søke om tilskot til spreiring i vår-/vekstsesong.</li></ul> | <p><b>Foreløpig sats</b><br/>kr 80 per daa</p> |

| <b>BRUK AV ELLER NEDFELLINGSUTSTYR</b>   | <b>§ 17</b>                                    |
|--|--|
| <p><b>Det kan gjevast tilskot for spreieing av husdyrgjødsel eller bioest ved ned. Dette for å stimulere til at husdyrgjødsel (blautgjødsel) og bioest blir lagt rett ned på jorda i staden for tradisjonell breispreieing.</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Arealet skal haustast eller beites etter siste spreieing i søknadsåret.</li> <li>• Det må vere brukt nedfellingsutstyr på all husdyrgjødsel som er spreidd på det arealet som blir omsøkt.</li> <li>• Vilkår er spreieing av minimum 5 kg total-N pr. daa.</li> <li>• Dette tiltaket kan ikkje kombinerast med å søke om tilskot til spreieing i vår-/vekstsesong.</li> </ul> | <p><b>Foreløpig sats</b><br/>kr 80 per daa</p> |

| <b>BRUK AV TILFØRSELSSLANGAR</b>  | <b>§18</b>                                     |
|---|--|
| <p>Dersom vilkåra for spreieing i vår-/vekstsesong eller bruk av nedleggings- eller nedfellingsutstyr er oppfylt, kan det gjevast tilskot til areal der husdyrgjødsel blir spreidd med tilførselsslangar i staden for tankvogn.</p> | <p><b>Foreløpig sats</b><br/>kr 80 per daa</p> |

## MILJØTEMA 6 - KLIMARÅDGJEVING

Formålet er ein heilskapleg gjennomgang av utslepp og opptak av klimagassar på garden med sikte på kunnskapsoppbygging hos bonden og å gjennomføre klimatiltak.

| <b>KLIMARÅDGJEVING</b>  | <b>§ 19</b>  |
|---|--|
| <p><b>Det kan gjevast tilskot til føretak som har gjennomført klimarådgjeving i perioden frå 15. oktober i året før søknadsåret til 15. oktober i søknadsåret.</b></p> <ul style="list-style-type: none"><li>• Tiltaksplan og kvittering for utført rådgjeving må leggest ved søknaden.</li><li>• Den som har stått for rådgjevinga må vere godkjent som klimarådgjevar av Landbruksdirektoratet. Ei oppdatert oversikt over klimarådgjevarar i fylket finn du her: <a href="https://www.landbruksdirektoratet.no/nb/jordbruk/ordninger-for-jordbruk/regionalt-miljotilskudd-rmb/klimaradgivere-i-ditt-fylke">https://www.landbruksdirektoratet.no/nb/jordbruk/ordninger-for-jordbruk/regionalt-miljotilskudd-rmb/klimaradgivere-i-ditt-fylke</a></li><li>• Tiltaksplanen må vere i tråd med dei krav som Landbruksdirektoratet stiller til tiltaksplanar for denne ordninga.</li><li>• Tilskot kan gjevast for berre ei gjennomført rådgjeving per søknadsomgang.</li></ul> <p><u>To-til-ein-rådgjeving</u><br/>Tiltaksplan som omfattar fleire typar produksjonar</p> <p><u>Ein-til-ein-rådgjeving</u><br/>Tiltaksplan som omfattar ein enkel produksjon</p> <p><u>Grupperådgjeving</u><br/>Tiltaksplan som er utarbeidd med bakgrunn i rådgjeving retta mot to eller fleire føretak samla.</p> | <p><b>Foreløpig satsar</b></p> <p>To-til-ein-rådgjeving<br/>kr 8 000</p> <p>Ein-til-ein-rådgjeving<br/>kr 6 000</p> <p>Grupperådgjeving<br/>kr 2 000</p> |